



**Fjord**  
kommune

## Retningslinjer for kulturmidlar i Fjord kommune

1. Tilskot frå kulturmidlane vert gitt til lag og organisasjonar innan kultursektoren som legg til rette for aktivitet for barn, unge og personar med nedsett funksjonsevne i Fjord kommune..
2. Lag og organisasjonar som mottek tilskot må vere opne for alle, vere organisert etter demokratiske prinsipp, ha eige organisasjonsnummer og ikkje ha eit kommersielt formål.
3. Lag og organisasjonar som mottek tilskot pliktar å godta ordninga knytt til følgeteneste.
4. Det skal berre sendast inn ein søknad for kvart lag eller organisasjon. Godkjent årsmelding og rekneskap frå siste driftsår skal leggest ved søknaden.
5. Søknadsfrist er 1. juni. Det skal nyttast elektronisk skjema.
6. Kulturmidlane vert fordelt innan tre kategoriar:
  - Idrett
  - Song og musikk
  - Andre aktivitetar
7. Det er kommunestyret som fastset ramma til kulturmidlane.
8. Fordeling av kulturmidlane vert gjort av administrasjonen jf. delegasjonsreglementet. Søknadar innan idrett vert send til Fjord idrettsråd for uttale.